

Høring om skulestruktur

Skulane (oppvekstsentra) representerer langt meir enn undervisning av barn. Dei har i snart 300 år – i aukande grad - vore vitale institusjonar i lokalsamfunna våre. Å legge ned skular har konsekvensar langt ut over sjølve oppvekstmiljøet. Desse følgjene er ikkje målbare og kjem ikkje fram i kommunens utkast til endringar av skulestrukturen.

Difor blir etatens notat til handsaming av skulesaka i Surnadal svært mangelfull andsynes dei følgjene som nedleggingar av oppvekstsentra vil få for dei berørte bygdene og - på sikt - for kommunen som heilskap.

Konsekvensar: Det er umuleg å forutsjå, enn seie talfeste, dei totale konsekvensane av eventuelle skulenedleggingar. Denne usikkerheta er i seg sjøl kanskje det sterkaste argumentet mot å endre dagens struktur. Det dramatiske er jo at nedlegging av oppvekstsentra ikkje kan rettast opp att! Det vil bli ståande for all ettertid – også som eit ettermæle over dei vedtaksansvarlege.

Eg nemner nokre moment som eit forenkla reknestykke om «innsparing» ikkje fangar opp.

Oppvekstmiljø: Først og fremst må oppvekstmiljøet bety trygghet, trivsel og kjensla av tilhørighet for dei som veks opp. Deira identitet er knytt til nærmiljøet, naturen, vennene, familien og andre som bur i bygda. At generasjonar er knytte saman i lokalt fellesskap der dei kjenner kvarandre, er ein betydeleg styrke for personleg og sosial utvikling.

Bulyst og etablering: Eg støttar dei mange som viser til at fjerning av oppvekstsenteret vil svekke bulysten. Familiar tør ikkje slå seg ned der det ikkje finst skule. Like eins vil muleg etablering av næringsliv og arbeidsplassar bli langt mindre attraktivt. Eksisterande miljø og tilbod blir rasert.

Kulturliv: I lokal kulturaktivitet står skulen sentralt. Dette vil bli drastisk svekka ved nedlegging.

Tett på naturen: Eit stort aktivum ved lokale oppvekstsentra er kontakten med naturen. Illustrerande eksempel er det når barnehageungane i Bøfjorden legg sine turar til Settemsvarden, Bølia og Hjelmen eller finn krabbe i fjøresteinane. Same argument gjeld sjølsagt også grunnskulen i bygdene.

Alle blir berørte: Heile bygdesamfunna - langt ut over oppvekst - blir berørte ved nedlegging. Ei påstått økonomisk innsparing blir såleis misvisande for det samfunnsmessige «reknestykket». Såkalla «ekspertråd» vedrørande økonomi og Robek-faren seier heller ingen ting om det totale biletet - om kva samfunna Mo, Åsskard, Stangvik og Todalen har betydd gjennom hundrevis av år og framleis skal bety.

Respekt: Bygdene er utvikla og haldne levande av dei som bur der - i arbeid og fritid, med innsats, evner og visjonar. Eg nemner som dagsaktuelt eksempel: Unge bønder ved fleire gardar i Bøfjorden satsar no store millionbeløp på fornying og modernisering. Og det i optimistisk tru på framtida. Kva respekt viser kommunen desse idealistane viss ein raserer oppvekstmiljøet?

Beredskap: Vi veit at ei usikker framtid krev auka beredskap for mat og andre vitalitetar. Gode bygdesamfunn – m.a. med moderne gardsdrift – vil bety mykje for slik sikring. Fråflytting på grunn av manglande oppvekstilbod kan rive ned mykje av dette og dermed svekke beredskapen.

Læringskvalitet: Det er ein komplisert manøver når administrasjonen prøvar å påvise at læringsmiljøet for ungane blir betre ved sentralisering. Da må ein i så fall vurdere (for og imot) klassestørrelse, romsituasjon, lærardekning, reiseavstandar og reisetid, tapt fritid til rekreasjon (også eventuelt leksearbeid), fysisk slitasje og anna. Kretsskulane kan vise til god kvalitet på undervisninga og har mange fordelar i så måte. Det undrar meg sterkt at pedagogisk ufaglærte (blant administrasjon og folkevalde) så ofte bastant uttalar seg om at sentralisering er «til barnas beste» og betyr «betre læring». Her bør ein vel lytte til det som tydeleg er ytra frå dei (oss) som er profesjonelle på området.

Reiseavstandar: At barn ned i 5-årsalderen skal få 2-3 timars dagleg skulereise med buss, er uakseptabelt i høve UDIR sitt rundskriv om skuleskyss. Det er uansvarleg at dei små på desse turane blir sittande utan tilsyn av vaksne. Og det kan ikkje bli pålagt bussjåføren. Forskarar seier at lang skyss er helse-skadeleg, gir dårlegare fysisk form og fare for seinskader i kroppen. Dei langvarige reisene inneber elles stort tap av fritid til lek og eigne sysler. Mykje sitting og mindre tid til aktivitet kan også bety kommunale kostnader (sjukemeldingar, fråfall i vidaregåande skule og liknande.)

Uttalen frå berørte FAU: Eg sluttar meg fullt ut til FAU-møtet for Mo, Bøfjorden/Bæverfjord og Stangvik/Todalen. I ein tidleg uttale, som eg reknar med at kommunen har fått, trekkjer desse ansvarlege utvala fram mange vesentlege moment imot nedlegging av dei aktuelle oppvekstsentra. Dei *«ber innstendig om at politikerne i Surnadal kommune sitt kommunestyre og formannskap stemmer imot administrasjonens forslag til starten på en prosess for å legge ned grendaskolene»*.

Kaos ved Subus: At over 120 nye elevar skal kunne flyttast til den allereie overfylte skulen på Øye, er påpeika og grundig kommentert av mange. Det same gjeld vaksenopplæringa, den farlege trafikksituasjonen der og andre forhold. Her etterlyser vi kommunens vurdering. Eg viser elles til det andre har uttala om dette.

Uforståeleg saksgang: Eg undrast over at dei nyleg avhaldne «dialogmøta» i kretsane kom etter at administrasjonen hadde bestemt tre alternativ til strukturendring – alle med nedlegging av eitt, to eller tre av oppvekstsentra! Dette må vera å gå baklengs. Viss ein verkeleg ønska at *«foreldre, ansatte og lokalsamfunn kan bidra med refleksjoner»* og at *«barn og unges stemme er viktig, og elevråd og ungdomsråd vil bli hørt»*, måtte ein ha gjort dette i motsett rekkjefølgje. Da ville bygdemøta ha gjeve eit langt betre grunnlag for eventuelle administrative forslag. Personleg synest eg dette er både udemokratisk og respektlaust andsynes dei det gjeld aller mest. Håpet er no at dei folkevalde merkar seg kva skulekretsane meiner og at dei tek det på alvor når kommunestyret skal gjera vedtak.

Budsjett og økonomi: Slik mange alt har gjort, er det all grunn til å etterlyse betre økonomiske utrekningar av dei forholda struktursaka dreier seg om. Rett nok handlar det, som nemnt innleiingsvis, om verdiar og demografiske konsekvensar som ingen kan talfeste. Men eg stiller meg likevel blant dei som kritiserer manglande kostnadsoverslag for ei lang rekkje av dei skisserte endringane. Folk flest, og særleg dei folkevalde som skal avslå eller vedta endringsforslaga, har krav på tydelegare tal enn ei udokumentert innsparing på nokre millionar – noko som i realiteten små skulebarn må «ta på si kappe».

Det handlar ikkje om «grendaskular»: Sjølv om somme kjelder definerer «grendeskole» som ein skule med under hundre elevar, finst det ikkje grendaskular i Surnadal! Dette feilaktige begrepet skaper inntrykk av at oppvekstsentra i Mo, Bøfjorden og på Melhus ligg i kvar sine (underforstått: små) «grender». Psykologisk er det da lett å tenkje at nedlegging er noko bagatellmessig – utan store konsekvensar. Dette er så fundamentalt feil at det må ryddast opp i. Mo oppvekst-

senter dekkjer heile Mo kyrkjesokn, Bøfjorden/Bæverfjord har Åsskard sokn som sitt område og under Todalen/Stangvik ligg heile to kyrkjesokn!

Byråkrati og demokrati: Kontrasten, kanskje like gjerne konflikten, mellom byrå-krati (kontor-styre) og demo-krati (folkestyre) synest påfallande i saker som desse. Her legg eg følgjande definisjonar til grunn:

* Byrådet (oppr. fransk for «skrivebord») er funksjonen som skal tilrettelegge saker som seinare demokratiet skal avgjera (dei folket høgtideleg har vald til å handle «på folkets vegner»). Her ligg det farleg nær at representantar kan føle seg forplikta på byråets (kommunedirektørens) tilråding.

* Den tidlegare tittelen «rådmann» er endra til «kommunedirektør». Men det endrar ikkje sjølve funksjonen. Ho/han legg fram saka (gir «råd»). Men vedkomande har ikkje autoritet til å gi «direktiv» - altså bestemme! (Ho/han er ikkje «direktør» med slik myndighet). Demokratiet krev framleis at dei folkevalde representerer dei som har vald dei.

* Dermed må det også seiast at dersom fleirtalet ønskjer å legge ned eitt eller fleire oppvekstsenter, må vi i demokratiets namn respekt det. Men: I dette tilfellet har det ikkje mangla signal til kommunestyret om meininga hos dei i befolkninga som blir mest berørte. Da er det opp til dei folkevalde å sette seg inn i kva dette totalt sett handlar om.

* Ei viktig presisering må inn her – henta frå fotballspråket: Vi som kjempar for skulane våre, er klare på at «*Vi tek ballen, ikkje mannen*»! Og «ballen» her er den skjebnesvangre skulesaka. Om «mannen» (altså kommunedirektøren og hans stab) personleg heiter Ola eller Kari, spelar ingen rolle. Vi rettar ikkje personangrep mot nokon. Men vi har vår fulle rett til å seie vår eiga meining om saka. Og den «ballen» prøvar vi å spela inn mot sjølve målet. Om det blir scoring eller ikkje, får hausten vise.

Sjøfolk og farvatn: Eg har vakse opp blant sjøfolk og lært mykje om farty, mannskap og respekten for vanskeleg farvatn. Når ein skal manøvrere skuta rett og ikkje segle på grunn, er det viktig å lytte til den som er kjend der ein fer. Ja – til dette har vi *Loslova* (frå 2020 kalla «Havne- og farvannsloven») som skal sikre rett ferdsel på sjøen. Den krev at farty skal «*sikre tilstrekkelig farvannskompetanse*». Når byråkratiet og demokratiet i Surnadal skal manøvrere så viktige farty som tre oppvekstsenter med alle små og store om bord, er det eit ufråvikeleg krav å sikre «*tilstrekkelig farvannskompetanse*». Og da må ein – om ein vil det eller ikkje – lytte til dei som best kjenner farvatnet. I dette tilfellet er det dei som bur og lever med alt sitt nettopp der ein skal manøvrere, dei som veit kor alt ser ut. Ein kan ikkje på førehand, og imot kjentmanns råd, bestemme at «*vi styrer slik – uansett*»!

★

Bøfjorden 15.09.2025
Bernt Idar Gudrunson Bøe

Pedagog (lærer, adjunkt) ved Bøfjorden skule 1969-1998 (dei fire siste åra som rektor)
6 års høgskuleutdanning som allmenn- og musikkpedagog (Levanger, Hamar, Bergen)

Organist og konfirmantlærer i mange år

Forfattar av ei rekkje kulturhistoriske bøker – blant desse:

«*Skulehistorie for Surnadal*» (utg. 1989) og

«*Hundre år i kunnskaps gjerning. Lærarlaga i Surnadal 1894-1994*» (utg. 2018)